



Referansar: KM 2/14, 05/15; KR 32/13, 31/14, 60/14, 04/15; BM 24/14; NFG 14/14, 23/14, 11/15

Saksdokumenter:

KR 48.1/15 Høyring om liturgisk musikk for Den norske kyrkja – **ettersendes**

KR 48.2/15 Spørsmål til høyringa om liturgisk musikk

## Liturgisk musikk

### Samandrag

Då ny gudstenesteordning tok til å gjelde, første søndag i advent 2011, hadde musikken ein annan status enn materialet som elles var sendt ut til kyrkjelydane. Den liturgiske musikken hadde ikkje vore evaluert og vedteken, men skulle framleis prøvast ut lokalt, fram til endeleg vedtak i 2017.

Kyrkjemøtet 2015 gjorde følgjande vedtak: «Kyrkjemøtet sluttar seg til tidsplanen som er lagt fram for evaluering og fullføring av gudstenestereforma, og som fører til at Kyrkjemøtet 2017 kan gjere endeleg vedtak om den liturgiske musikken» (sak KM 05/15, vedtakspunkt 1). Tidsplanen ein viser til her, legg til grunn at Kyrkjerådet handsamar liturgisk musikk i sitt møte i september 2015, for så å sende saka ut på høyring.

I vedtakspunkt to i KM 05/15 heiter det: «Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet finne fram til ei avgrensa mengd med liturgisk musikk, som utgjer hovudseriane. Kyrkjemøtet rår til at hovudseriane vert nytta til dei fleste hovudgudstenester i kyrkjelydar over heile landet.»

Nemnd for gudstenesteliv sette i september 2014 ned eit liturgisk musikkutval, LMU, som fekk i oppgåve å sortere det musikkmaterialet som har vore sendt til utprøving, og å arbeide ut eit forslag til liturgisk musikk for hovudgudstenesta. LMU sende det ferdige forslaget til Nemnd for gudstenesteliv i juni 2015, og dette vart einstemmig vedteke i NFG. I vedtaket frå NFG finn vi å lese: «NFG slutter seg til LMUs forslag til hovedserier for liturgisk musikk. Forslaget har et omfang og et innhold som svarer godt til Kirkemøtets bestilling» (sak NFG 11/15).

Liturgisk musikkutval sitt forslag til liturgisk musikk for hovudgudstenesta inneheld fem hovudseriar til bruk i hovudgudstenestene, samt ei tilråding når det gjeld dei andre sanglege ledda i ei hovudgudsteneste. Nemnd for gudstenesteliv rår til at all den

liturgiske musikken, til alle sanglege ledd, vert vedteken i Kyrkjemøtet 2017. Likeeins rår NFG til at retningsliner for bruk av ulike tekstformer, til alle ledd som kan syngast, vert avklart i 2017.

I merknadene til KM 05/15 har komiteen eit eige avsnitt som handlar om kommunikasjonsutfordringa som ligg i å «først oppmode til fri utprøving av ei stor mengd med musikkseriar, til deretter å vedta eit avgrensa tal med seriar.» Komiteen seier til slutt i sine merknader: «Dette bør ein ta omsyn til, både i arbeidet fram mot høyringa til hausten, og deretter i prosessen fram mot handsaming i Kyrkjemøtet 2017.» Nemnd for gudstenesteliv peikar på noko av det same i sine merknader til NFG 11/15: «For å oppfylle Kirkemøtets ønske om større gjenkjennelighet i den liturgiske musikken er det ikke nok å samle seg om et begrenset antall serier. Det må også legges opp til et godt pedagogisk arbeid med implementering av musikken.»

## Framlegg til vedtak

1. Kyrkjerådet sluttar seg til Nemnd for gudstenesteliv sitt forslag til liturgisk musikk for hovudgudstenesta, og sender forslaget ut på høyring.
2. Kyrkjerådet rår til å vedta all liturgisk musikk, inkludert alle sanglege ledd, i Kyrkjemøtet 2017.
3. Kyrkjerådet sluttar seg til høyringsspørsmåla som er lagt ved saksdokumentet, og gir sekretariatet fullmakt til å arbeide vidare ut frå dette.
4. Kyrkjerådet ber om at sekretariatet utarbeider ein plan for å sikre god implementering av den liturgiske musikken i kyrkjelydane, inkludert vugleining til materialet og tilstrekkeleg med ressursar til arbeidet lokalt.

# Saksorientering

## Bakgrunn

Høyring på gudstenestereforma fann stad i tida frå hausten 2008 til hausten 2009. Materialet som kom inn i høyringa tyda på at kyrkjelydane generelt sett hadde prioritert andre krevjande høyrings- og utprøvingssaker framfor liturgisk musikk. Kyrkjerådet sitt kyrkjemusikalske utval, KMU, gav råd om at utprøvinga av liturgisk musikk skulle halde fram enno ei tid, sjølv om dette ville innebere at den liturgiske musikken ville verte vedteken seinare enn resten av ordninga. Kyrkjemøtet 2010 følgde tilrådinga frå KMU, og vedtok at utprøvinga skulle halde fram.

Permen «Liturgisk musikk for Den norske kyrkja» kom ut i 2011, og i føreordet står det mellom anna å lese: «Når Kirkerådet sender dette omfattende materialet til utprøving i menighetene, skjer det med tanke på en senere evaluering av musikken.» Liturgisk musikkutval (LMU) starta sitt arbeid i januar 2015. Utvalet har arbeidd seg gjennom heile materialet med musikk i permen «Liturgisk musikk for Den norske kyrkja» (Eide, 2011), samt anna materiale Kyrkjerådet har fått inn i løpet av den perioden utprøvinga har funne stad.

LMU har hatt relevante rapportar og fagartiklar å stø seg på, mellom anna forskningsrapporten «*Noe falt i god jord - den norske kirkes gudstjenestereform sett fra menighetsnivå*» (KIFO-rapport 2013:2), utvalde artiklar frå «Gudstjeneste á la carte: Liturgireformen i Den norske kirke» (Verbum akademisk 2015. Red. Anne Haugland Balsnes mfl.) og svara frå Quest Back-undersøkinga om liturgisk musikk som gjekk ut på nyåret 2015.

Om lag midtvegs i LMU sitt arbeid leverte utvalet eit notat til Nemnd for gudstenesteliv. NFG stadfesta den retninga utvalet hadde starta på. Kyrkjemøtet i Trondheim i april handsama KM 05/15 Utprøving av liturgisk musikk. Kyrkjemøtet 2015 støtta Kyrkjerådet si handsaming av saka etter Kyrkjemøtet 2014, og slutta seg til tidsplanen om høyring hausten 2015 og endeleg vedtak i 2017. Samstundes gav Kyrkjemøtet 2015 konstruktive innspel til prosessen, og bidrog til å konkretisere og tydeleggjere oppgåvene som stod att.

## Forslaget frå Liturgisk musikkutval

Liturgisk musikkutval sitt forslag til liturgisk musikk for hovudgudstenesta inneheld fem hovudseriar til bruk i hovudgudstenestene, samt ei tilråding når det gjeld dei andre sanglege ledda i hovudgudstenesta. Nemnd for gudstenesteliv rår til at all den liturgiske musikken, til alle sanglege ledd, vert vedteken i Kyrkjemøtet 2017. Likeeins rår NFG til at retningsliner for bruk av ulike tekstformer, til alle ledd som kan syngjast, vert avklart i 2017.

Mellom dei fem seriane som får status som hovudseriar, finn vi tre «allmenne seriar», *Allmenn 1*, *Allmenn 2* og *Allmenn 3*, samt ein serie som er tenkt til bruk i festtidene, og ein serie til bruk i fastetida. I tilrådinga har LMU klart å både ta vare på mykje av det vi kjener frå før, som bør leve vidare, samstundes med at LMU har gitt plass til

mykje av det nye og verdfulle tilskotet frå permen med liturgisk musikk som kom ut i 2011.

Permen har vore kjelde for dei fem hovudseriane som no vert lagt fram for Kyrkjerådet. Utvalet har òg vurdert anna liturgisk musikk, mellom anna all den nyskrivne liturgiske musikken som har kome ut i løpet av gudstenestereforma. LMU har systematisk drøfta, spelt og sunge seg gjennom musikken. Spørsmålet om kva for kriterier som skal ligge til grunn for den liturgiske musikken har stått sentralt i drøftingane, og medlemmene i LMU sette tidleg ned tre kriterier som skulle vere berande for arbeidet: 1) musikken har slitestyrke 2) musikken ligg godt til rette for felles sang i forsamling, og 3) det enkelte liturgiske ledd har godt samsvar mellom tekst og musikk, samt god tekstdeklamasjon.

Omgrepa valseriar og normalseriar har vore framme tidlegare i prosessen. Kyrkjemøtet 2015 har ikkje vidareført tankane om å finne fram til bestemte valseriar, og Liturgisk musikkutval valde undervegs i prosessen å velge vekk den tidlegare skisserte løysinga om valseriar. Fleire omsyn talar for dette, mellom anna kan det vere klokt å gje all musikk utanom hovudseriane same «status». Annan liturgisk musikk enn hovudseriane kan nyttast ved særskilte høve, noko som òg var praksis før ny gudstenesteordning. Utvalet ville konsentrere seg om det Kyrkjemøtet hadde gitt som hovudoppgåve: Å finne fram til ei avgrensa mengd med liturgisk musikk, som ein rår til at kyrkjelydane kan nytte til dei fleste hovudgudstenestene. Sagt med andre ord: *Å orientere seg inn mot ei avgrensa mengd med liturgisk musikk som Den norske kyrkja, med sitt store mangfold av musikk, meiningar og menneske, kan samle seg om.*

Komiteen i Kyrkjemøtet 2015 skriv om hovudseriane: «Mellom desse seriane bør ein finne musikk frå 1977-liturgien...» Både den tidlegare nemnte forskningsrapporten frå 2013 og Quest Back-undersøkinga om liturgisk musikk kan seiast å byggje opp under dette. I forslaget er det tre ulike seriar som til saman utgjer allmenn serie.

**«Allmenn 1»** er den allmenne serien frå høgmessemusikken 1977. I tillegg har han fått eit nytt tilskot, Kyrie av Halfdan Nedrejord. Tonespråket kan gi assosiasjonar til det samiske språket og tonefallet. Musikken er skriven til den nordsamiske liturgien, og eignar seg elles godt saman med musikken som vert å finne i *Allmenn 1*.

Hovudseriane *Allmenn 2* og *Allmenn 3* er to seriar som på kvar sin måte utvidar det musikalske spekteret innanfor dei tradisjonelle rammene av ein allmenn serie i Den norske kyrkja. LMU har lagt vekt på at desse to seriane har kvalitetar i tillegg til å oppfylle dei kriteria vi før har nemnt.

I komitémerknadene frå kyrkjemøtesaka heiter det: «...og ein av seriane bør ta utgangspunkt i rytmisk musikk og ha folkelege melodiar.» Komiteen kjem her med ei tydeleg tilråding som Liturgisk musikkutval har teke med seg i handsaminga av musikken. Musikken i hovudserien **«Allmenn 2»** har røter i den rytmiske musikktradisjonen. I Allmenn 2 legg LMU til grunn at komponistane Mari Tesdal Hinze, Odd Johan Overøye og Tore W. Aas set rytmisk musikk inn i konteksten liturgisk musikk gjennom sterk stilforståing og melodiøs stemmeføring. Liturgisk musikkutval har bevisst valt å ikkje nytte omgrepet «folkeleg», som gjerne vert nyttta som ein motsetnad til høgkulturell. Utvalet opplever at omgrepet kan verke meir innsnevrande enn klargjerande. «Rytmisk musikk» peikar på eit anna utgangspunkt

enn til dømes «klassisk musikk». Det kan difor vere tenleg å bruke omgrepene «rytmisk musikk» om denne serien. Sjølv om vi gjennom fleire tiår har brukte moderne rytmisk musikk i kyrkjeleg samanheng, er det nytt i Den norske kyrkja at nedskriven og offisiell messemusikk, til bruk på fast basis, har dette utgangspunktet.

«**Allmenn 3**» er den einaste heile messa i forslaget frå LMU som er skriven av ein og same komponist. Den utgjer en heilskap som kan nyttast slik den står, eller ein kan velge å kun nytte musikken til ordinarieledda. Musikken var i utgangspunktet skriven for barn, og er enkel å lære for både barn og eldre. Trond H.F. Kverno skreiv denne messa på oppdrag frå Den katolske kyrkja i Sverige, og kan slik òg ivareta eit økumenisk perspektiv. Denne ordinariemusikken til Kyrie, Gloria, Sanctus og Agnus Dei er å finne i den norske, katolske salmeboka. Musikken er enkel å lære og enkel å bruke, mellom anna i at kyrkjelyden gjentek melodien etter ein forsongar. Det er høveleg å byggje ut instrumentariet med kor og fleire instrument der ein har ressursar til det.

Eit moment som har fått brei støtte i Quest Back-undersøkinga, er å ivareta kyrkjeårsperspektivet i den liturgiske musikken. LMU har vore bevisst at mange kyrkjelydar vurderer det slik at dei ikkje har kapasitet til å bruke ulike melodiar til dei ulike tidene. Andre kyrkjelydar har valt seg ut delar av festtids- eller fastetidsmusikken frå høgmessmusikken 1977, og har nytta desse som supplement til Allmenn serie i dei aktuelle tidene. LMU har ikkje hatt tilgang til informasjon om kor mange kyrkjelydar som nyttar fastetidsserien og festtidsserien per i dag. I vurderinga av korleis perspektivet skulle verte ivareteke, har utvalet lagt vekt på at «for kyrkjelydar som nyttar ulike melodiar etter kyrkjeåret, er val av melodiar ein vesentleg del av fastetida og av festen.»

I **fastetidsserien** har LMU valt å vidareføre Sanctus frå fastetidsserien 1977, medan Agnus Dei frå festtidsserien 1977 er vidareført i hovudserien for **festtidene**. Utvalet meiner desse to ulike ledda har stått sterkt i vår tradisjon, og har vurdert det som høgst verdfullt å framleis å la dei prege tonen i gudstenestelivet. Så har utvalet gitt plass til nyare norsk kyrkjemusikk i dei andre ledda. Her finn vi musikk av komponistane Trond Kverno, Terje Kvam og Henrik Ødegaard. Samla sett har musikken for fastetid og musikk for festtidene element frå nokre av dei sterkeste røtene vi har i vår kyrkjemusikalske tradisjon, frå gregoriansk, norske folketonar og frå norsk kyrkjemusikktradisjon i generasjonar før vår eigen. LMU viser elles til refleksjonane kring kyrkjeårsperspektivet, nemnt ovanfor, og meiner dette perspektivet vert godt ivareteke både gjennom dei enkelte satsane og heilskapen innanfor kvar av seriane. Med sitt særegne preg kan fastetidstonen stemme hjarta og sinn til sjølvransaking, kamp og klage, medan dåmen av fest har ein eigen evne til å løfte sjela og opne sansane, i glede og takksemd.

Ungdommen sitt kyrkjemøte (UKM) 2014 har sagt at «UKM ønsker å løfte frem viktigheten av å ha fleksibilitet og valgfrihet i valg av musikk og uttrykksformer.» LMU og NFG vurderer det slik at dei tre allmenne seriane og dei to kyrkjeårsvariantane ivaretak eit behov for variasjon og breidd. Når NFG no rår til at kyrkjelydane held seg til hovudseriane, er det framleis stort rom for å variere musikalsk uttrykk i ei gudsteneste utover det vi har i dei fem hovudseriane. Tilrådinga opnar for framleis variasjon og ulike musikalske uttrykk både i salmesong, gjennom instrumentalmusikk og i andre ledd i gudstenesta. Samstundes er det eit mål at

tilrådinga samlar kyrkjelydane om eit felles repertoar av liturgisk musikk, som vi både på kort og lengre sikt kan kalle *folkeeige*.

### **Hovudseriane**

Her følgjer ei oversikt over innhaldet i kvar av dei fem hovudseriane. I nokre tilfelle er det lagt inn større eller mindre justeringar etter at permene vart gjeven ut, til dømes toneartsjusteringar, i samarbeid mellom LMU og den enkelte komponist. Desse justeringane er tekne med i materialet som vert sendt ut i høve høyringa i haust. I somme tilfelle er det naudsint med fleire toneartar til nokre av satsane, av praktiske årsaker.

#### **ALLMENN SERIE:**

**Allmenn 1** (i hovudsak Høgmessemusikken frå 1977. Vert frå no av kalla «allmenn 1»):

**Kyrie:** a) Trond H.F. Kverno (i original form)  
b) Halfdan Nedrejord

**Gloria:** a) Rolf Karlsen (kort form av tekst og musikk)  
b) Rolf Karlsen (fullstendig form)  
c) Laudamus-varianten *Alene Gud*, med dei to tekstvariantane som står i gudstenesteboka.

**Sanctus:** Graduale Romanum/Messebok for Den norske kyrkja/ved Egil Hovland. Sats: Hovland.

**Agnus Dei:** Trond H.F. Kverno

**Allmenn 2** (Samansett serie, vert frå no av kalla «allmenn 2»):

**Kyrie:** Mari Tesdal Hinze

**Gloria:** a) Odd Johan Overøye (kort form av tekst og musikk)

**Sanctus:** Odd Johan Overøye (fullstendig form)

**Agnus Dei:** Tore W. Aas

**Allmenn 3** (Trond H.F. Kverno: *Missa ex ore infantium*, vert frå no av kalla «allmenn 3»):

Messa inneholder alle ledd i gudstenesta ein kan synge til. Lokalt kan ein òg velge å nytte berre ordinarieledda frå denne, og elles nytte musikk frå Allmenn 1. Heile messa vert trykt i samanheng, i tillegg vert forbønnssvaret trykt saman med dei andre forbønnssvara.

#### **FASTETIDS SERIE:**

**Kyrie:** Terje Kvam

**Sanctus:** Per Steenberg

**Agnus Dei:** Henrik Ødegaard, etter folketone frå Trysil

#### **FESTTIDS SERIE:**

**Kyrie:** Trond H.F. Kverno (side 678 i permene)

**Gloria:** Trond H.F. Kverno (side 679)

**Sanctus:** Henrik Ødegaard, etter norsk/dansk folketone

**Agnus Dei:** etter GR ved Agnar Sandvik. Sats: Egil Hovland (høgmessemusikken 1977)

**MUSIKK TIL PROPRIELEDD:** Utvalet rår til at musikk til utvalde proprieledd (ledd utanom nei nemte ordinarieledda) vert trykt og gjeven ut samstundes med ordinariemusikken.

### **LMU om musikken utanom ordinarieledda**

Liturgisk musikkutval og Nemnd for gudstenesteliv har valt ut ti **bønesvar** frå permen med liturgisk musikk. NFG rår til at desse vert samla i eit eige kapittel når musikken vert gjeven ut. Desse bønesvara har musikk av Magnus Beite, Iver Kleive, Trond H.F. Kverno («Missa Agnetis»), Trond H.F. Kverno («Missa infantium»), Trond H.F. Kverno (som i messemusikken frå 1977), Jo Asgeir Lie, Johan Varen Ugland og «Din vilje skje» frå Zimbabwe. I tillegg til bønesvar som ikkje finst i permen, skrivne av Odd Johan Overøye i 2012. Bønesvara er frå LMU si side tenkt som ei samling av gode bønesvar ein kan velgje ut frå til hovudgudstenesta, og som kan supplerast med bønesvar kyrkjelydane finn det tenleg å nytte. Dersom ein ønskjer å nytte ulike bønesvar i kyrkjelyden over ein periode, kan kyrkjelyden til dømes byggje inn ein fleksibilitet på dette punktet, ved å nemne fleire bønesvar i den faste grunnordninga si.

Fleire sanglege ledd er tenkt med i den liturgiske musikken som vert gjeven ut i 2017, mellom anna **Halleluja**, bønesvar og andre sanglege ledd. LMU rår til at ein kan nytte alle dei sju «Halleluja» frå salmeboka på nr. 977.1-7, og at ein i fastetida finn gode alternativ til Halleluja, **Tractus** (eit vers vi syng som svar på evangeliet, i fastetida). Nemnd for gudstenesteliv støttar dette, og oppmodar Kyrkerådet til å utarbeide ei konkret vegleiing knytt til bruken av Halleluja-leddet.

Forslaget legg opp til ei rekke grep som kan seiast å gjere det enklare å tileigne seg musikken i nattverddelen, enn det som har vore tilfelle etter 2011. Musikken til **prefasjonane og dei andre nattverdbønene** er mellom anna for mange «godt gjøymt inne i den store rauden permen ein stad». **Prefasjonsdialogen** «Herren vere med dykk (...» er i forslaget vidareført frå 1977-musikken, det same gjeld musikken til **Truvedkjenninga** og **Fadervår**. Likeeins vert dei to melodiane til **Innstiftingsorda** vidareførte. **Litaniet** og **Fredslitaniet** vert vidareført. **Velsigninga**, med Benedicamus («Herren velsigne deg...» eller Salutatio («Herren vere med dykk»), vil ha dei same melodiane som i dag. LMU legg til at her kan ein vurdere andre melodiar til «Amen» enn Hovland som vi har i dag.

### **Mange og ulike «stemmer»**

Forslaget LMU har lagt fram, har eit innhald som stemmer godt overeins med kva for musikk som har fått dei beste tilbakemeldingane i forskningsrapportane på gudstenestereform og liturgisk musikk. Ei breitt samansett referansegruppe har respondert på materiale frå LMU sine møter, i løpet av våren 2015. Arbeidsforma har gjort at Liturgisk musikkutval i stor grad har henta inn mange og ulike «stemmer» i samtalane sine. Desse referansepersonane har gitt tilbakemeldingar til LMU undervegs: Nils Henrik Asheim, Geir Ivar Bjerkestrand, Johanne Bjørkhaug, Robert Coates, Bjørn Andor Drage, Tore Erik Mohn, Stephen Sirris, Tone Synnøve Øygard Steinkopf, Ragnhild Strauman og Øystein Wang.

Liturgisk musikkutval har hatt desse medlemmene: Hans Olav Baden, Thröstur Eiriksson (leiar), Ole Andreas Fevang, Karin Nelson, Kristin Vold Nese, Knut Størdal. Jan Terje Christoffersen og Merete Thomassen har site i LMU kvar sin del av perioden.

## **Kjerneverdiar for liturgisk musikk i gudstenestereforma**

Då gudstenestereforma tok til å gjelde, la ein vekta på sjangerbreidd som ein berande verdi for musikken i Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet 2015 har ikkje brukt ordet «sjangerbreidd» i sak KM 05/15. Her vert snarare *liturgisk musikk* nemnt som ein sjanger. I Den norske kyrkja finn vi no eit spekter av både musikkstilar og sjangertrekk innanfor denne kategorien.

Som vi har sett, har Liturgisk musikkutval lagt vekt på at hovudseriane av liturgisk musikk skal ivareta ein balanse mellom det tradisjonelle og det nyskapande. I «Gudsteneste for Den norske kyrkja» (Eide, 2011), les vi om den lutherske forståinga av gudstenesta: «Alle gudstenesteordningar må ein forstå i spenninga mellom tradisjon og fornying.»

Vidare står det å lese, om «Gudstenestelivet – mellom tradisjon og fornying»: «Struktur i gudstenesta handlar difor om noko meir enn eit ytre rammeverk. I grunnstrukturen høyrer viktige innhaldselement heime, og på den faste staden sin i gudstenesta.»

I KM 05/15 seier komiteen noko om den felles *grunnstrukturen* i ei gudsteneste: «Den liturgiske musikken skal klinge med *Ordo, den felles grunnstrukturen*, med sine slitesterke trådar Kyrie, Gloria/Lovsong, Sanctus/Heilag, Heilag, Heilag, Agnus Dei/Du Guds Lam, og Benedicamus- Salutatio/Velsigninga. Ein kan kjenne han att, han er den same frå dag til dag, frå stad til stad, frå dei tidlegaste kyrkjetider og like til vår eiga tid og i dag. Den liturgiske musikken er *eit eige språk*. Dette språket er meint å vere kyrkja sitt språk, eit språk vi alle kan bruke, og like fullt: eit hjartespråk. Trass i ulik spiritualitet, mennesketype og musikalske preferansar, skal ein heil kyrkjelyd kunne samlast, be og lovsynge *saman*. Liturgisk musikk er eit felles bønespråk! Den liturgiske musikken, om han er flunkande ny eller eldgammal, må vere *samlande*, noko vi *kjenner att*, og han må ha ei kraft i seg som kan røre ved dei djupaste strengane i menneskesinnet.»

## **Gudstenestebok for Den norske kyrkja og praktisk tilretteleggjring**

Som vi var inne på under «LMU om messeledda utanom ordinarieledda», rår Nemnd for gudstenesteliv til at ein utarbeider ei konkret vegleiing om Halleluja-leddet. Vegleiinga som vert gjeven til heile liturgien i gudstenestebøkene er òg sentral i ein implementeringsstrategi for liturgisk musikk. NFG meiner ei slik vegleiinga er naudsynt, og at det gjeld fleire ledd. Bakgrunnen for at NFG ber om tydelegare råd når det gjeld Halleluja-leddet, er at i kyrkja vår er tradisjonen med å syngje vers mellom Halleluja ein praksis som gradvis har vakse seg fram att, men utan at gudstenestebøkene har gitt klare retningslinjer og grunngjeving. NFG rår til at Kyrkjerådet i ei vegleiing gir konkrete råd om mellom anna korleis ein kan velge ut vers frå heile bibelteksten, og råd om korleis omkvæd kan verte utført.

Resitasjonsformelen ligg i manus til koralbok bind tre, men utforminga av resitasjonane til Halleluja i Koralbok bind III synest å sprengje den ramma Halleluja-leddet har i hovudgudstenesta. Normen her bør kan hende vere *eitt* vers. I forslaget ligg òg at ein arbeider med å finne gode alternativ til Halleluja, Tractus, i fastetida. Vidare seier Nemnd for gudstenesteliv følgjande om vegleiinga, i sak NFG 11/15: «Veiledningen bør si noe om hva som er *Kyrie-leddets* funksjon i gudstjenesten,

videre om hva som kjennetegner et *Kyrie-litani* til forskjell fra *forbønnslitaniet*. Det som står om dette i Gudstjenesteboken i dag, må presiseres. Dette må utredes.»

Kor ofte kan ein nytte liturgisk musikk utanom dei fem hovudseriane, og kva råd vil Kyrkjérådet gje i «Allmenne føresegner»? I merknadene til kyrkemøtesaka om liturgisk musikk i 2015, sette komiteen opp ulike alternativ til kva for praksis ein skal følgje. Ny musikk som allereie er kjent i ein kyrkjelyd vil vere eit verdfullt supplement ein kan nytte i særskilte gudstenester. Ein ordna praksis for dette vil sikre den attkjenninga forskninga viser har vore etterspurt, og som dei tre siste Kyrkjemøtene har lagt vekt på. LMU stiller seg bak forslaget om at ein søker biskopen dersom kyrkjelyden vil ha ein annan serie som sin faste hovudserie. LMU vurderer det slik at Den norske kyrkja sentralt har ansvaret for at kyrkjelydane og alle medlemmene i kyrkja har høve til å kjenne seg att, og helst *kjenne seg på heimebane* i hovudgudstenestene. På bakgrunn av dette ligg det i LMU sitt råd til NFG at ein har felles praksis for godkjenning av musikk utanom hovudseriane.

Kyrkjemøtet 2015 seier i KM 05/15, om å leggje til rette: «Det er viktig at den liturgiske musikken i lokal grunnordning vert lagt godt til rette. Dette har mellom anna til følge at notar og tekst er tilgjengjelege.» Liturgisk musikkutval oppmodar Kyrkjérådet til å arbeide for utvikling av ei plattform der ein gjennom få tastetrykk får opp heile gudstenesteordninga med liturgiske tekstar og musikk, når ein lokalt legg inn informasjon mellom anna om kva hovudserie ein vil nytte i den aktuelle hovudgudstenesta.

### **God implementering og ressursar lokalt.**

No er Den norske kyrkja inne i ein fase der vi får «samle trådane» etter utprøving av liturgisk musikk. Kyrkjemøtekomiteen som arbeidde med sak KR 05/15 Utprøving av liturgisk musikk, seier i merknadene: «Det store materialet med liturgisk musikk til utprøving har heilt frå starten i 2011 vore kjelde til både inspirasjon og frustrasjon. Komité A har inntrykk av at lokal prøving og feiling no er inne i ein ny fase, der den liturgiske musikken i fleire kyrkjelydar er meir innarbeidd enn i første fase av utprøvinga. Komiteen erkjenner at vegen dit, for mange kyrkjelydar og enkeltpersonar, har gått gjennom dyrekjøpte, til dels vonde erfaringar. Komiteen opplever at kyrkjelydane no, i denne fasen, i stor grad *anten* har gått tilbake til den musikken dei kjente frå før, eller funne fram til ny liturgisk musikk som har fått feste. Framleis vil nokre kyrkjelydar nytte høvet til å teste ut meir liturgisk musikk, medan andre er avventande, fram til Kyrkjemøtet 2017.»

I merknadene til KM 05/15 har komiteen eit eige avsnitt som handlar om kommunikasjonsutfordringa som ligg i å «først å oppmode til fri utprøving av ei stor mengd med musikkseriar, til deretter å vedta eit avgrensa tal med seriar.» Komiteen seier til slutt i sine merknader: «Dette bør ein ta omsyn til, både i arbeidet fram mot høyringa til hausten, og deretter i prosessen fram mot handsaming i Kyrkjemøtet 2017.» Nemnd for gudstenesteliv peikar på noko av det same i sine merknader til NFG 11/15: «For å oppfylle Kirkemøtets ønske om større gjenkjennelighet i den liturgiske musikken er det ikke nok å samle seg om et begrenset antall serier. Det må også legges opp til et godt pedagogisk arbeid med implementering av musikken.»

Utprøvinga av liturgisk musikk synest å ha gitt fleire eit større medvit om kva rolle den liturgiske musikken spelar, og har vist kor sentral den liturgiske musikken er for gudstenestefeiringa i Den norske kyrkja. Ei enkel setning frå det mykje omtalte permens kan setje liturgisk musikk i gudstenestereformen inn i kontekst: «Den

liturgiske musikken skal gi menigheten som feirer gudstjeneste, hjelp i samlingen og tilbedelsen. Reformen sammenfatter hva gudstjeneste er, i ordene «sammen for Guds ansikt».

Gudstenestereformen sin kjerneverdi «involvering» har fått brei tilslutning, viser KIFO-rapporten vi tidlegare har sitert. Når denne kjerneverdien skal setjast ut i livet, har dei lokale tilsette saman med soknerådet i oppgåve å inspirere og initiere denne involveringa. Kurset «Nytt i Guds hus», som mange prestar og kyrkjemusikarar gjekk gjennom på 1980-talet, er ein modell det er verd å sjå til når ein skal rigge eit både inspirerande og praktisk retta kurs. For å kunne inspirere andre og vise retning, treng den tilsette både fagkompetanse, inspirasjon og ikkje minst tidsressursar.

I «Gudsteneste for Den norske kyrkja» finn vi eit avsnitt om breidd og kvalitet, der det mellom anna står å lese:

*Den store variasjonen utfordrar alle som er involverte i det musikalske arbeidet i kyrkja, til å halde saman tradisjon og fornying.*

Kyrkjemusikarane har vore sentrale i fasen med utprøving av den liturgiske musikken, og vil vere nøkkelpersonar for Den norske kyrkja i det pedagogiske arbeidet med vidare implementering. Kyrkjemøtet seier i KM 05/15: «Sjølv om den liturgiske musikken er godt innsungen i ein kyrkjelyd, vil somme likevel trenge tid og hjelp til å verte kjent med musikken på ein slik måte at han kan bli ein del av deira «liturgiske språk». Når kyrkjelyden har gjort endelege vedtak om kva for liturgisk musikk som skal vere fast hovudserie, bør ein aktivt arbeide for at denne musikken vert kjent og innsungen i heile kyrkjelyden, også mellom dei som går sjeldnare til gudsteneste.»

Kyrkjemøtet vedtok Plan for kyrkjemusikk i 2008. I vedtakspunkt 2, heiter det: «Kyrkjemøtet vil understreke at planen legg eit særleg ansvar på arbeidsgjevar for stillingsstørleik, prioriteringar og økonomiske ressursar til det kyrkjemusikalske arbeidet.» Om kyrkjemusikk generelt, slår Plan for kyrkjemusikk fast at «Kyrkja sin musikk bygger bruer gjennom å opne sinn og tankar for Guds mysterium og gjennom å formidle og kommunisere evangeliet. Musikken set kyrkja i stand til å nå lenger i kommunikasjonen sin enn orda åleine.» Planen slår fast at «Songstemma er kyrkja sitt viktigaste instrument.» Den enkelte si stemme, ja heile mennesket med ande, sjel og kropp, kjem til uttrykk både i salmesongen og ved å løfte stemmen for å framseie eller synge liturgien. Dette understrekar kor viktig kantortenesta er! Kyrkjemusikaren har fått den gåva det er å bidra til at kyrkjelyden får hjelp til å løfte stemmen og vert inspirert til å delta i liturgien med heile seg. I mylderet av alle andre, viktige oppgåver som òg er nemnt i Plan for kyrkjemusikk, er det lett at kyrkjemusikaren misser iver og glede etter å dyrke *denne* nådegåva. Skal det ha meinig å snakke om god implementering, vegleiing og ressursar lokalt, er det heilt essensielt å løfte fram oppdraget kantoren har fått.

I Kyrkjemøtet 2015 var det to saker som i særskilt grad handla om kyrkjemusikkfeltet. I tillegg til KM 05/15 Utprøving av liturgisk musikk, hadde Kyrkjemøtet oppe saka 06/15 Vigsling og liturgisk drakt for kantor. I sak KM 06/15, vedtakspunkt 6, heiter det: «Kirkemøtet ber om at det arbeides videre med spørsmål knyttet til rekruttering, utdanning og forslag til styrking av kantortjenesten i menighetene på bakgrunn av høringsdokumentet og höringen.» Når Kyrkjerådet legg ei plan for implementering av den liturgiske musikken, er det avgjerande at Kyrkjerådet arbeider ut frå ei medviten haldning om dei tette banda mellom desse to kyrkjemøtesakene.

Liturgisk musikkutval seier i sitt forslag at dei støtter ei strategisk implementering av liturgisk musikk. Utvalet ser at ei slik tilnærming kan ha fleire positive ringverknader som stadfestar hovudgostenesta si rolle som eit nav for den levande kyrkjelyden, og gudstenesta som felleseige. Nemnd for gudstenesteliv rår til at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med plan og gjennomføring av implementering av liturgisk musikk. NFG foreslår at både NFG og LMU er representerte der.

## Økonomiske/administrative konsekvensar

Saka krev ei høyring. Kyrkjerådet vil ta kontakt med eit representativt utval av kyrkjelydar, som vert særskilt oppmoda til å svare på høyringa. I tillegg vert alle kyrkjelydar og andre høyringsinstansar inviterte til å delta i høyringa. Høyringa skjer i form av ei Quest Back-undersøking. I tillegg til høyringsdokumentet og høyringsspørsmåla, følgjer eit hefte med musikken. Dette heftet må alle som skal svare på høyringsspørsmåla få tilsendt. Heftet vert trykt i 400 eksemplar, men det må vere muleg for Kyrkjerådet å, på kort varsel, trykke opp fleire eksemplar. Alle som vender seg til Kyrkjerådet for å svare på høyringa, bør få tilsendt eit eksemplar, fordi musikken ikkje vil verte tilgjengeleg på anna vis. Produksjon av heftet «Forslag til liturgisk musikk for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja» vil ha ein kostnad på kr. 20.000,-

For den som vil gi respons i høyringa utan å setje seg inn i den nye liturgiske musikken, vert det opna for ei enkel løysning i Quest Back til dette, i tillegg til sjølve høyringa. Denne vil vi kalle «kort respons», og skilje tydeleg frå sjølve høyringa. I «kort respons» er det ikkje naudsynt å høre musikken på førehand, men det vil vere muleg å gi respons på generelt grunnlag, ut frå opplysningane i høyringsdokumentet, eller utelukkande basert på erfaringar frå den liturgiske musikken i løpet av gudstenestereformen. I denne tilleggsløysinga er det kun rom for frie kommentarar på inntil 100 ord.

Somme stader har det gamle soknerådet gjort seg erfaringar med den liturgiske musikken, som det nye soknerådet vil kunne dra nytte av i høyringa. Det nyvalde soknerådet vert oppmoda til å vurdere å ta kontakt med tidlegare soknerådsleiar, prest eller andre som har site i soknerådet førre periode, for å få del i desse erfaringane.

Respondentane frå det tidlegare nemnte *representative utvalet* i høyringa, samt andre som vil vere høyringsinstansar, bør primært kjenne til all musikken i heftet med liturgisk musikk som er vedlegg til høyringsdokumentet. Det er ein føresetnad at respondentane høyrer, syng og/eller spelar *minimum* dei fem hovudseriane, men helst all musikken i heftet.

For å gi godt grunnlag for å svare på høyringa, kan soknerådet til dømes invitere til to samlingar à tre timer, inkludert pauser, der dei inviterte syng seg gjennom materialet i heftet med liturgisk musikk. Kyrkjemusikaren spelar gjennom alle dei fem hovudseriane i den første samlinga. Eit «kladdeark» til Quest Back vil følgje høyringsdokumentet, slik at svara skal vere relativt enkle å overføre til den elektroniske løysinga i Quest Back. I den andre samlinga syng ein gjennom dei ti bønesvara, Halleluja og Tractus, nattverddelen og andre sanglege ledd. I nattverddelen er det ein del sanglege ledd som presten, kyrkjemusikaren eller ein god korsongar får i oppgåve å messe. Den som skal messe, bør på førehand ha høve til å lære seg

melodiane. Eit alternativ til dette, er at nokre få personar handsamar nokre av dei sanglege ledda separat, og noterer moment som skal med i høyringa frå soknerådet. Vi rår til at respondenten svarer på høyringsspørsmåla i Quest Back medan han enno har musikken frisk i minnet.

Nattverdbønene eksisterer førebels berre i kvadratnoteskrift, og bør vere notert i vanleg noteskrift i heftet med liturgisk musikk. Dette arbeidet vil kreve ein sum på kr. 20.000,-

Arbeidet i Kyrkjerådet sitt sekretariat kan skje innanfor dei rammene som gjeld for *Avdeling for menighetsutvikling*. Det er framleis behov for økonomiske midlar frå OVF til arbeidet med gudstenestereformen.

Arbeidsgruppa som skal arbeide vidare med implementering, treng økonomiske rammer som tillet at dei kan utvikle inspirasjonsverkstader for liturgisk musikk for prestar, kyrkjemusikarar og andre tilsette, i dialog med Bispmøtet, KA, utdanningsinstitusjonane og fagforeiningane. Dette arbeidet må koordinerast med det målretta arbeidet kulturrådgjevarane og andre på bispedømenivå gjer på kyrkjemusikkfeltet lokalt, til dømes gjennom fagdagane forkyrkjemusikarar. Til dette arbeidet trengst ein sum på kr. 200.000,-

---